

Geir Styve
Hjelmåsen 37
5915 Hjelmås

Postmottak @lindas.kommune.no
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no
Kommuneadvokaten.

13/9/2019

Sak 19/1318 – 19/27372

Rammeløyve på tomt nr 12 , gnr 202/157 i Helleåsen bustadområde, Hjelmås

Sjølv om ein har hatt tøffe diskusjonar undervegs, så går det an å gje god tilbakemelding og vise glede når ein får løyve til tiltak!

Eg vart veldig glad og takksam i dag når eg fekk rammeløyve på 202/157. Særleg glad vart eg for at saka no er handsama som tomt nr 8 i feltet, og at det vart sett vekk frå omgjering av fritidseigedomar. Dette i tråd med mitt brev av 3/6/2019 i denne sak.

Det betyr mykje for min evne til å byggje fortau langs Fv. 391 at eg får inn kapital. Infrastrukturen i feltet er dyr, og så langt er heile prosjektet eit underskotsføretak som eg har finansiert av eiga lomme. Gevinsten til utbyggjar kjem jo som kjent ikkje før enn når dei siste husa vert selde ein gong i framtida.

Igjen – eg er glad for løyvet, då eg no kan starte salsarbeidet. Sidan eg har same sakskompleks liggjande hjå kommuneadvokaten under saksnr. 19/22702, så sender eg for ordens skuld kopi dit som orientering om at løyve no er gitt. Dette har jo betydning for den vidare saksgangen.

Takk igjen, og god helg!

Geir Styve